

Saksbehandlar: Reidun Liljedahl Fimreite, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 13/721-23

Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Presisering av §2 Inntaksområde - kriterium for tungtvegande grunnar

Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune forstår omgrepet «tungtvegande grunnar» i § 2 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass på følgjande måte:

1. Kriterium for tungtvegande grunnar vert å forstå slik:
 - a. Det må ligge føre dokumenterte medisinske grunnar frå søkjar, og/eller
 - b. Det må liggje føre dokumenterte sosiale grunnar frå søkjar, og/eller
 - c. Søkjar må dokumentere at han eller ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå. I kva grad søkjar med dokumentert høge ferdigheiter kan utvikle seg med tilrettelegging i vidaregåande opplæring i vår eigen fylkeskommune, vil bli vektlagt i vurderinga. Det er ein vidare føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innan området der søkjar kan dokumentere særst høge ferdigheiter.

Det er avgjerande at søkjar kan dokumentere å vere i landstoppen innan sitt område. Dokumentasjon på oppnådde resultat nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som slik dokumentasjon. Attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon.

2. Ferdigheiter elles vert ikkje rekna som tungtvegande grunnar ved spørsmål om kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar, der vi har eit «Spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar» .

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Fylkestinget sak 28/14 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

HO gjorde i sak 13/10 vedtak om vilkår for kjøp av skuleplass i andre fylke. Vilkåret var den gong at søkjaren kunne dokumentere at han/ho var i landstoppen i sin idrett/sitt fagområde i si aldersgruppe og at søkjaren ikkje kunne utvikle sitt særlege potensiale på ein god måte i eige fylke.

Som følge av ny (sentral) inntaks- og formidlingsforskrift vedtok FT i sak 28/14 lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune. § 2 i denne lokale forskrifta lyder slik:

For søkjarar til tilbod fylkeskommunen ikkje tilbyr kan fylkesrådmannen kjøpe skuleplassar eller gje gjesteevgaranti i andre fylke. Dette gjeld berre for søkjarar med ungdomsrett Fylkesrådmannen kan gje gjesteevgaranti for søkjarar med ungdomsrett til andre fylkeskommunar etter individuell vurdering, dersom det er tungtvegande grunnar for dette.

Til skuleåret 2015/16 er det 10 søkjarar med ungdomsrett som har søkt tilbod i andre fylkeskommunar, og då til utdanningsprogram som Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbyr.

Kjøp av skuleplass vil seie at vi - før inntaket - gjer avtale med andre fylkeskommunar om slikt kjøp. Dersom søkjaren får gjesteevgaranti, må søkjaren konkurrere på lik line med søkjarar i opplæringsfylka. Dersom vedkomande får plass gjennom slik konkurranse, betalar vi for skuleplassen. I begge tilfelle betalar vi etter satsar fastsett av KS.

Fylkesdirektøren har for skuleåret 2015/16 gitt to søkjarar gjesteevgaranti for å fullføre opplæringa dei har starta i andre fylke. I tillegg har ein søkjar fått gjesteevgaranti, og det er kjøpt skuleplass til ein, begge etter individuell vurdering. Dei andre søkjarane har fått avslag på søknadane om kjøp av skuleplass eller gjesteevgaranti.

Fylkesutvalet som klagenemnd har handsama fire klager. I sakene 3/15 og 4/15 vedtok klagenemnda å oppretthalde fylkesdirektøren sine avslag. Vedtaka var grunnjevne i at det ikkje låg føre tungtvegande grunnar. Klagenemnda har seinare vedteke å utsetje ytterlegare to saker i påvente av fylkestinget si handsaming av denne saka (sakene 5/15 og 6/15).

Ei ev. endring i kriteria for tungtvegande grunnar kan dessutan føre til ny vurdering av tre søkjarar som har fått avslag. Dei to utsette sakene vil bli handsama i etterkant av fylkestinget i juni og før inntaket for skuleåret 2015/16.

Dei tre søkjarane som allereie har fått avslag vil få melding etter fylkestinget dersom søknadane vert tekne opp til ny handsaming. Desse søkjarane har fått informasjon om klagenemnda sitt vedtak i møtet 6.05.15.

Fleire av klagesakene er knytt til ulike idrettar. Fylkeskommunen har to ordningar for inntak på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter i idrett. Desse ordningane er omtala i søkjarhandboka.

- «Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane.» Det er starta opp spissa tilbod for potensielle toppidrettsutøvarar i skiskyting ved Stryn vidaregåande skule, fotball ved Sogndal vidaregåande skule og volleyball ved Hafstad vidaregåande skule.
- Den andre ordninga gjeld potensielle toppidrettsutøvarar og då innan idrettar som ikkje er omfatta av «Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar...».

I ny lokal forskrift er omgrepet «tungtvegande grunnar» innført, m.a. for å styrke eigne tilbod og ved å snevre inn moglegheita for gjesteevgaranti/skuleplass i andre fylkeskommunar. Dette gjeld særleg for tilbod som er omfatta av ordninga «Spissa idrettstilbod i vidaregåande skule for potensielle toppidrettsutøvarar i Sogn og Fjordane».

Ved handsaminga av klagesakene er det reist tvil om dagens praksis er i tråd med intensjonane for den nye lokale forskrifta. FU (klagenemnda) har difor bede om ei presisering av omgrepet "tungtvegande grunnar" i inntaksforskrifta § 2.

Vurderingar og konsekvensar

For skuleåret 2015-16 har fylkesrådmannen så langt lagt følgjande kriterium til grunn:

- Dokumenterte medisinske grunnar. Til dømes avstand til behandlingsstad.
- Dokumenterte sosiale grunnar. Til dømes psykiatri, barnevern og rus.

Prestasjonar i til dømes idrett, musikk eller dans har til no ikkje vore vurderte som tungtvegande grunnar.

Retten til vidaregåande opplæring knyter seg til utdanningsprogram og ikkje til programfag. Med "tilbod som fylkeskommunen ikkje tilbyr», viser den lokale forskrifta § 2 til programfag. Det vert ikkje differensiert mellom lokale variantar, som t.d. skyting, hest og piano.

Dei søkjarane som starta opplæringa i andre fylkeskommunar før ny lokal inntaksforskrift tok til å gjelde, har fått gjesteelevgaranti for å fullføre der dei har starta opplæringa.

For søkjarar til idrettar som er omfatta av «Spissa idrettstilbod», har fylkesrådmannen ikkje vurdert kjøp av plassar i andre fylke, då vurderinga har vore at tilbodet våre stettar behova til den einskilde. Difor har søknader til andre fylke som gjeld skiskyting, fotball og volleyball fått avslag.

For søkjar som har dokumentert høge ferdigheiter innanfor sitt område kan vi legge til rette for at desse kan få utvikle sitt talent her i fylket. Presiseringa i forskrifta sin ordlyd «tungtvegande grunnar» tek ikkje sikte på å omfatte desse tilfella.

Det er opp til kvar fylkeskommune å fastsetje si lokale inntaks- og formidlingsforskrift. Vi samarbeider mykje med Hordaland ved kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti. Dei har om lag same praksis som Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sel/får gjesteelevgaranti for 0-2 skuleplassar pr. skuleår.

Kjøp av skuleplassar i andre fylke vil høgst sannsynleg auke kostnadsnivået i opplæringssektoren vår. Det vil og kunne påverke dimensjoneringa av opplæringstilbodet i fylket. Det er viktig å vere merksam på dette når vi ev. justerer/presiserer den lokale forskrifta.

Fylkesrådmannen har forstått FU/klagenemnde slik at ein meiner det bør leggjast til rette for kjøp av plass/gjesteelevgaranti i andre fylkeskommunar dersom søkjarar kan dokumentere særskilde høge prestasjonar. Dette må gjelde der søkjaren ikkje får utvikle seg med det tilbodet som finst i fylket eller der det ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innanfor området der søkjaren kan dokumentere særskilde høge ferdigheiter.

Fylkesrådmannen ser at praksisen etter ny forskrift har avgrensa vurderingane våre til medisinske og sosiale forhold, og ikkje har opna for individuell vurdering av ferdigheiter. Eg rår difor til at FT presiserer vurderingsgrunnlaget slik at det omfattar ei slik vurdering.

I tilrådinga legg vi opp til søkjar må dokumentere at han/ho har ferdigheiter på eit svært høgt nivå og at han/ho er i landstoppen på sitt område. Oppnådde plasseringar nasjonalt eller internasjonalt vil kunne tene som dokumentasjon. Dokumentasjon gjennom attestar frå nasjonale/internasjonale institusjonar/instruktørar vil også kunne tene som dokumentasjon. Då fylkesrådmannen sjølv ikkje har kompetanse til å vurdere prestasjonsnivået, er det naudsynt med slik dokumentasjon.

Økonomi

Kjøp av skuleplass/gjesteelevgaranti i andre fylke på utdanningsprogram med valfrie programfag som ikkje vert tilbydde i Sogn og Fjordane, vil ha økonomiske konsekvensar. Det vil og kunne ha strukturelle konsekvensar.

For kjøp av elevplass/gjesteelevgaranti i andre fylke finst det i dag fire ulike satsar, frå 104.900 - 167.700 kr (KS-satsar i 2015). Kostnaden pr. elevplass eller gjesteelevgaranti er om lag 130.000 kr i gjennomsnitt. Viss ein no presiserer forskrifta som skissert i denne saka, vil fylkesrådmannen meine at opplæringssektoren sitt budsjett for 2016 bør leggje til grunn ei eiga utgift til slike elevplassar i andre fylke på minst 1 mill. kr.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune i særskilde høve kan leggje til rette for kjøp av plass/gje gjesteelevgaranti i andre fylke. Dette gjeld dersom søkjaren kan dokumentere særskilde høge prestasjonar og ikkje får utvikle seg tilfredsstillande med det tilbodet som finst i Sogn og Fjordane. Vidare må det vere ein føresetnad at det heller ikkje er landslinje eller landsdekkande tilbod innanfor området der søkjaren kan dokumentere særskilde høge ferdigheiter.

